



Sartor & Drange AS har mål å vere ein leiande anleggsentreprenør i Vestland Fylke og vårt hovudfokus er Bergensregionen. Vi er ca 210 tilsette i konsernet og årleg omsetning vert ca 1 mrd. Vi tilbyr tenester innan veg- og grunnarbeid, vatn- og avløp, betongkonstruksjonar, transport, natursteinsmuring, fjellsikring, boring og sprenging, grovholsboring og fundamentering, asfaltfresing, landmåling og totalentreprisar på bygg. Vi har kontor og verkstad i moderne lokalar på Straume i Øygarden kommune

Vi har behov for:

Grunnarbeider

Idealkandidaten har fagbrev og solid erfaring som grunnarbeidar på prosjekt med offentleg veg og/eller VA-anlegg.

Vi er òg opne for søknader dersom du er tømrrar, betongarbeidar, anleggsgartnar, bonde, eller rett og slett ein hardtarbeidande person som søker nye utfordringar og har auge for gode løysingar, likar fysisk hardt arbeid, likar å vere ute i allslags ver, har stor arbeidskapasitet og trivst med høgt tempo. Likar du å ta ansvar, lære deg nye ting, halde høgt fokus på HMS? Kanskje det er akkurat deg vi ser etter, eller det kan vere ein du kjenner.

Arbeidsoppgåvene vil vere innanfor anleggs- og grunnarbeid, anleggsgartnar, skogrydding, bygging av vegar, VA- og anna infrastruktur for å nemne noko. Du må vere nøye og strukturert i arbeidet, ha god samarbeidsevne med kollegaer og kundar. Du må kunne arbeide sjølvstendig og i team og stole på dine egne avgjerder.

Som grunnarbeidar hos oss vil du vere med i eit fagleg sterkt miljø der trivsel og tryggleik står i sentrum. Vi kan tilby spennande, utfordrande og varierte arbeidsoppgåver med gode moglegheiter for fagleg og personleg utvikling. Du må som eit minimum ha førarkort klasse B og meistre norsk flytande både munnleg og skriftleg. Det vil vere positivt om du har ADK1-bevis, maskinførarbevis eller andre kurs/bevis som gjeld for vår bransje.

Spørsmål om stillinga kan rettast til driftsleiar Bjørn Ove Hetlevik på telefon 970 32 629. Søknad med CV kan sendast til stilling@sartordrange.no. Kandidatar blir vurderte fortløpande.